
Fra: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Sendt: 25. april 2018 13:02
Til: 'fmhpostmottak@fylkesmannen.no'
Kopi: Siril Therese Sylta
Emne: Oppfølgingsspørsmål - Uendra bruk - dispensasjon frå pbl. § 1-8 - førespurnad frå Byggesak Lindås kommune

Til Hege Brekke Hellesøe

Takk for tilbakemelding.

Eg har eit oppfølgingsspørsmål:

Er tolkningsuttale frå KMD, datert 01.10.2014, vurdert, jf. e-post av 23.04.2018 og innlimt tekst:

§ 1-8 Frådeling til uendra bruk og forbodet i plan- og bygningslova § 1-8

Tolkningsuttalelse | Dato: 01.10.2014 | [Kommunal- og moderniseringsdepartementet](#)

Mottager: Fylkesmannen i Hordaland

Deres referanse: 2014/1669

Vår referanse: 14/5929-2

Vi viser til fylkesmannen sitt brev 8. september 2009.

I brevet ber fylkesmannen om ei grunngeve uttale frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til spørsmålet om det er krav om dispensasjon ved frådeling til uendra bruk i 100-metersbeltet etter plan- og bygningslova § 1-8.

Fylkesmannen finn spørsmålet uklart og meiner uttale frå departementet under sida Spørsmål og svar ikkje er i samsvar med omtale i Innjord: Plan- og bygningsloven og Pedersen mfl: Plan- og bygningsrett.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til at ordlyden i § 1-8 andre ledd er endra og utvida i forhold til forbodet i tidlegare lov § 17-2, som berre gjaldt for frådeling av ubebygd del av eigedom. Ordlyden gjeld no generelt for "opprettelse og endring av eiendom", og er den same i § 1-8 som i § 11-6 om rettsverknaden av kommuneplanen sin arealdel. Spørsmålet om frådeling til uendra bruk er ikkje spesielt omtala i Ot.prp. nr. 32 (2007-2008).

Departementet har i uttala i Spørsmål og svar lagt til grunn den same tolkinga ved frådeling til uendra bruk i 100-metersbeltet, som i landbruks-, natur- og friluftsområde. Områda i 100-metersbeltet er som regel vist som landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen sin arealdel.

Departementet meiner det er fornuftig med ei slik samordna tolking når det gjeld frådeling til uendra bruk, og vi finn ikkje at det er grunnlag for å endre synet på dette tolkingsspørsmålet.

Med helsing

Bjørn Casper Horgen (e.f.)

Marit Tofte

Avdelingsdirektør

seniorrådgjevar

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Vår understreking i uttalen frå KMD.

Korleis tolker fylkesmannen denne vurderinga? I høve uttale så vert dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 og dispensasjon frå LNF-føremålet sidestilt.

Tone Furustøl | rådgjevar byggesak

E-post: tone.furustol@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 54 01
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no



Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no [<mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no>]

Sendt: 25. april 2018 10:57

Til: Postmottak Lindås

Emne: Tilbakemelding - Lindås - Førespurnad - Uendra bruk -

Hei!

Vi viser til e-post av 23.04.18 med førespurnad i høve uendra bruk og 100-metersbelte mot sjø.

Det er Fylkesmannen si vurdering at det er naudsynt med dispensasjon frå pbl. § 1-8 ved frådeling til uendra bruk i strandsona. Slik vi ser det er det berre eit unntak frå dette og det er frådeling ved innløyising av bygd festetomt etter tomtefestelova jf. pbl § 1-8 andre ledd.

Med venleg helsing

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland
kommunal- og samfunnsplanavdelinga
tlf: 55 57 23 52

www.fylkesmannen.no/Hordaland

[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)

[Send melding til Fylkesmannen](#)

Hei.

Byggesak i Lindås kommune har ein førespurnad i høve uendra bruk og 100-meters beltet mot sjø.

Vi viser her til tolkningsuttale frå KMD, datert 01.10.2014, sjå vedlegg.

Dersom tiltaket oppfyller kriteriana til uendra bruk, så krev ikkje tiltaket dispensasjon frå pbl. §1-8?

Vi ber om at spørsmålet vert prioritert og at vi får snarleg tilbakemelding.

Tone Furustøl | rådgjevar byggesak

E-post: tone.furustol@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 54 01

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no

